

Møkspreiinga og Festidalen

29.07.2014

Festidalen ønskjer å takka for omtanken til både innringaren som var uroa for mogleg møkalukt under Festidalenarrangementa og til bøndene som freistar å gjera seg ferdig med spreiinga i god tid før det brakar laus på Dønhaug og i bygda elles.

Til liks med Olav Hjetland Bringedal trur vi lukta er vekke til helga, men om det skulle hengja ein pitteliten ange igjen i dei lågare luftlag tek vi det som ei påminning om at utan landbruket i Uskedalen har vi eit fattig landskap å visa gjestene våre.

Anbjørn Høivik, Festidalen
Nett: Ola Matti Mathisen